



Saksgang	Møtedato	Saksnr
Styret for KF Innvandrarsenteret	22.03.2011	04/11
Bystyret	12.04.2011	023/11

Sakshandsamar:
Arild Melvær

Arkiv: K2-F31, K3-&73 **Arkivsaknr**
Objekt: 10/72

VEDR. FORSLAG TIL NY BOSETTINGSMODELL FOR FLYKTNINGER - KS OPPFORDRER TIL Å GI HØRINGSSVAR

Kva saka gjeld:

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLI) har foreslått å endre dagens ordning for busetting av flyktningar i norske kommunar. I dag kan kommunane velje om dei vil busette flyktningar eller ikkje, og dei kan også velje kor mange dei vil ta mot kvart år. I det nye forslaget vil BLI gi Fylkesmannen fullmakt til å pålegge kommunane busetjing, dersom kommunane i eit fylke ikkje frivillig vil ta i mot så mange som staten meiner fylket skal busette.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Flora bystyre har handsama BLI sitt framlegg om ny busettingsordning for flyktningar.

Flora bystyre er samd med KS i deira kommentarar til forslaget om ny busettingsordning, slik det går fram av vedtaket i hovudstyret frå 26.1.11, og fråsegna datert 2.3.11.

Vi meiner at ein busettingsmodell som opnar for at staten kan pålegge kommunane å busette eit visst tal flyktningar, mot kommunen sin vilje, kan føre til lokal motstand. Dette vil truleg også føre til at dei flyktningane som blir busette, vil få større utfordringar med integreringsprosessen.

Flora bystyre meiner at positive økonomiske virkemiddel for å auke tilgangen på bustader, samt å sikre dekking av kommunane sine kostnader ved busetting på ein fullgod måte, vil vere tilstrekkeleg for å nå måla om rask og god busetting av flyktningar.

Flora kommune har vore ein trufast og etter kommunestorleik svært stor busettingskommune sidan 1987, med positive lokalpolitikarar. Dersom staten vil tvinge kommunen til å busette flyktningar, kan dette blir endra i negativ lei.

12.04.2011 BYSTYRET

Roysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BYST-023/11 VEDTAK:

Flora bystyre har handsama BLI sitt framlegg om ny busettingsordning for flyktningar.

Flora bystyre er samd med KS i deira kommentarar til forslaget om ny busettingsordning, slik det går fram av vedtaket i hovudstyret frå 26.1.11, og fråsegna datert 2.3.11.

Vi meiner at ein busettingsmodell som opnar for at staten kan pålegge kommunane å busette eit visst tal flyktningar, mot kommunen sin vilje, kan føre til lokal motstand. Dette vil truleg også føre til at dei flyktningane som blir busette, vil få større utfordringar med integreringsprosessen.

Flora bystyre meiner at positive økonomiske virkemiddel for å auke tilgangen på bustader, samt å sikre dekking av kommunane sine kostnader ved busetting på ein fullgod måte, vil vere tilstrekkeleg for å nå måla om rask og god busetting av flyktningar.

Flora kommune har vore ein trufast og etter kommunestorleik svært stor busettingskommune sidan 1987, med positive lokalpolitikarar. Dersom staten vil tvinge kommunen til å busette flyktningar, kan dette blir endra i negativ lei.

Jan Helge Dale
styreleiar

Arild Melvær
dagleg leiar

Innleiing:

BLI-departementet har sendt ut framlegg om ny busettingsordning for flyktningar på høyring, med frist 29.april. Bakgrunnen er at departementet meiner det tar for lang tid frå ein flyktning får positivt vedtak om opphald, til vedkommande blir busett i ein kommune. Fristen departementet har sett, er 6 månader for vaksne og familiar, og 3 månader for einslege mindreårige, og særleg for einslege mindreårige blir denne fristen broten.

Vurdering:

Styret for Innvandrarsenteret er samd med innvendingane frå KS, som ligg ved saka. Styret trur at det vil medføre vanskelegare integrering i ein kommune som må busette flyktningar mot sin vilje.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Prenta vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
35	I	31.01.2011	Det kongelige barne- likestillings- og inkluderingsdepartemen t	Høringsbrev: Forslag til bosettingsordning for flyktninger med mål om raskere bosetting	
39	I	14.03.2011	KS	Vedr. forslag til ny bosettingsmodell for flyktninger - KS oppfordrer til å gi høringssvar	